

# Spørsmål til fylkesutvalet, 12.april 2023

Frist for å sende inn spørsmål: Onsdag 05.april 2023, kl 0900

## Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Sigrid Brattabø Handegard (Sp)	Tannlegetilbudet i Rosendal
2.	Arve Helle (A)	Tannklinikken i Rosendal
3.	Trude Brosvik (Krf)	Mellom mobilitet og migrasjon
4.	Knut Inge Andersen (PP)	Overfylte bybanevogner i Bergen

## 1. Sigrid Brattabø Handegard (Sp); om tannlegetilbudet i Rosendal

Tannlegetilbudet i Rosendal har vore tema i Fylkesutvalet tidlegare. Me vart orientert om at tilbudet ligg fast. Ein er på nytt kontakte av lokalpolitikarar som er uroa over at tilbudet er i ferd med å verta flytta til Husnes, i samband med at leigeavtalen på noverande lokalitetar er sagt opp frå 30.05. Kvinnherad er ein geografisk stor kommune. For fleire av bygdene vil det medføra uforholdsmessig lang reiseveg om tenesta vert flytta frå Rosendal. Det er viktig å ha tenester nær innbyggjarane.

Kan fylkesdirektøren stadfesta at ein framleis arbeidar for å oppretthalda tannlegetilbudet i Rosendal?

### Svar frå fylkesdirektøren

Rosendal tannklinikk har fram til no vore open to dagar i veka med ein behandlar per dag. Kvinnherad kommune har valt å rive bygget der tannhelsetenesta har leigd lokale til Rosendal tannklinikk. Fylkeskommunen har ikkje vore aktiv part i denne avgjersla. I samband med at bygget der tannklinikken ligg skal rivast, så har tannhelsetenesta gjort vurderingar om korleis fylkeskommunen kan sikre tannhelsetenester til befolkninga i Kvinnherad kommune etter at noverande tannklinikk forsvinn.

Å bygge og etablere ein ny tannklinikk krev mykje ressursar, så for tannhelsetenesta er det viktig å planlegge langsiktig for kva som er mest føremålstenlege for å sikra gode nok tenester. Tannhelsetenesta må ta omsyn til faktorar som sikrar at klinikken i framtida vil kunne rekruttere tilsette, ha stabil bemanning, ha eit stort nok fagmiljø og at ressursane blir best mogleg utnyttja.

Ei sams målsetting er at den framtidige klinikkstrukturen i fylket skal tilby innbyggjarane stabile tenester av høg fagleg kvalitet. Klinikane får gjennomgåande ein storleik som gjer at dei kan ta hand om pasientane mellom anna ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på klinikane er òg avgjerande for at folkehelsearbeidet skal koordinerast med sentrale samarbeidspartar på ein tilfredsstillande måte. Innbyggjarane skal ha likeverdige tenester med omsyn til tilgjenge, og tilbudet skal gjevast med ein effektiv ressursbruk og i tråd med prinsippet om tenester på best eigna omsorgsnivå.

Tannhelsetenesta har valt å oppretthaldt drifta ved den gamle tannklinikken i Rosendal, sidan det har vore eksisterande lokale og personell, men kan ikkje forsvare å etablere og bygge ein ny tannklinikk no når kommunen har valt å sei opp leigeavtalen og rive eksisterande tannklinikk. Tannhelsetenesta har ikkje vore involvert i å avvikle eksisterande tannklinikk, men må tilpasse sitt tilbud ut i frå dei føresetnadane som no ligg føre.

Det er ikkje eit tilstrekkeleg pasientgrunnlag til å etablere ein ny tannklinikk i Rosendal etter dei standardane som i dag er forventa for å sikra stabile tenester av høg kvalitet. Pasientane i Rosendal vil difor no få tilbod ved Husnes tannklinikk som har kapasitet til dette.

Dei aller fleste pasientane i Vestland har under ein time reiseveg til næraste tannklinikk. Det vil også gjelde pasientar i Rosendal som no vil få tilbod ved Husnes tannklinikk. Det er lagt til grunn at akseptabel reisetid mellom skule/heim/arbeid og tannklinikken er ein time kvar veg (og/eller 50 km). Tannhelsetenesta er ei «sjeldantenesta», dvs. ei teneste dei fleste oppsøker sjeldnare enn ein gong i året. Den kan ikkje samanliknast med for eksempel skular som ein oppsøker dagleg.

Tannhelsetenesta dekker skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heimesjukepleie) jfr. forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta, Vestland. For born vert også reiseutgifter til følgje dekkja. Eigenandel p.t. er 1090 kr. Denne ordninga vernar soleis særskild dei som må ofte til tannklinikken for store utgifter til skyss.

## 2. Arve Helle (A); om tannklinikken i Rosendal

Kva er status for tannklinikken i Rosendal?

Eg har fått bekymringsmeldingar om at klinikken i realiteten er stengd og at det skal startast eit nytt byggeprosjekt der klinikken er lokalisert i dag. Utfrå det eg veit er det ikkje gjort nye politiske vedtak etter at fylkestinget i Hordaland i 2016 gjorde vedtak om at klinikken i Rosendal skal oppretthaldast.

### Svar frå fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren viser til svar ovanfor på spørsmål frå representanten Brattegard (Sp) om tannlegetilbodet i Rosendal.

## 3. Trude Brosvik (Krf); om mellom mobilitet og migrasjon

Ved fleire høve har underteikna fått innspel på kombinasjonsklassane til fylket. Det går på

1. -at det er store, samansette grupper med svært ulik språkkompetanse. Heilt frå analfabet til dei som har god grunnskulebakgrunn, men manglar norsk-kunnskap.
2. -at elevar som gjennomfører grunnskule-utdanninga gjennom kombinasjonsklassen har rett til å begynne på vidaregåande skule, sjølv om læraren ser at vedkomande ikkje har gode nok kunnskapar til å kunne gjennomføre.

Det første er vel ei ordning vi sjølve kan gjere noko med. Så korleis er stoda i kombinasjonsklassane våre? Har vi fleire lærarar inne i samme klasse? Kor mange er det i klassen? Deler vi opp i grupper ut frå tidlegare kunnskap?

Til det andre: Dette er eit innspel eg har fått skriftleg:

«Kombinasjonsklassen:

Vårt mål er å gje grunnskuleopplæring til minoritetspråklege elevar som manglar det faglege før vgs. Dei skal få karakterar i alle fag. Når vi får mange elevar som knapt er på A1-nivå både munnleg og skriftleg, må vi bruke mykje av tida på språkopplæring. Vi blir ståande i ein spagat mellom oppdraget vårt og det elevane treng. Vi kan heller ikkje halde elevane att i kombinasjonsklassen og innføring, og dei kan søkje seg vidare inn i ordinære vgs-klassar. Med manglande forkunnskapar og grunnleggjande ferdigheiter, er systemet med på å skape skuletaparar. I tillegg fører dette til ei stor arbeidsbyrd på lærarane på vgs som må forsøke å gje tilpassa opplæring. Dette vil gå utover fagopplæringa til alle elevane. Ei løysing kan vere at skulen kan bestemme om elevar skal gå eit eller to år i innføring og kombinasjon. Ei anna løysing kan vere språkkrav for å komme inn på vgs.»

Dette vil i stor grad gjelde born av migrantar, både arbeidsinnvandrarar og dei som flyktar. Kva rettar har desse borna i kombinasjonsklassane / vgs? Er det rett at dei kan kreve å starte på vgs når dei har gjennomført kombinasjonsklasse, sjølv om læraren meiner dei ikkje kan klare seg fagleg på vgs-nivå? Korleis kan vi betre førebygge at dei elevane dette gjeld ikkje fell ut av skulen og får sterkare utanforskap? Er dette noko som i så fall burde vore spelt inn i høyringa «Mellom mobilitet og migrasjon», sjølv om ho ser ut til å ha mest merksemd på vaksne arbeidsinnvandrarar?

#### Svar frå fylkesdirektøren

Spørsmåla frå representanten Brosvik vart meldt inn, 4.april. Administrasjonen treng lenger tid til å svare på spørsmåla frå representanten Brosvik. Fylkesdirektøren vil kome attende med svar på spørsmåla i ei referatsak til neste møte i fylkesutvalet.

#### 4. Knut Inge Andersen (PP); om overfylte bybanevogner i Bergen

I dagane før hendinga på endestoppet ved Oasen var det mykje negativ merksemd i media frå sentrale bergenspolitikarar når det gjeld korleis fylket og Skyss driv bybanesambandet. I BA kunne ein 27.3.2023 lese at det 'i rådhuset er 'økende frustrasjon med hvordan fylket driver buss og bane i Bergen'. – Det holder ikke mål. Tilbudet har blitt dårligere etter at banen åpnet til Fyllingsdalen (Charlotte Spurkeland, H). - Jeg kontaktes mye av bergensere som er fly forbannet på fulle bybanevogner og avlyste bussreiser. Bergenspolitikerne er hundre ganger tettere på kollektivsystemet, og har mye mer politisk omsorg (Thor Håkon Bakke, MDG).

I går 3.april 2023 var det eit større oppslag i BT og intervju med reisande som berører same tema : 'De er misfornøyd med kapasiteten på Bybanen og mener Skyss enten burde sette inn flere vogner eller begrensninger for hvor mange som får gå om bord. De tar Bybanen hver dag og opplever ofte at den er overfylt. – Man står som sild i tønne. Det er godt gjort at dørene i det hele tatt går igjen'.

Hendingane og medieoppslaga tilseier at det kan vere naudsynt å sjå på snarlege tiltak for å betre tilhøva for passasjerane, særskilt på Bybanen.

At kollektiv og bybane i aukande grad er svært prisingstung, særleg for unge skuleelevar og studentar opp til 30 år, er ei følge av politisk prioritering og endringar i takstsystemet frå 2023.

---

#### **Ungdom - 16 år til og med 20 år**

For deg mellom 16 til og med 20 år anbefaler vi 30-dagars ungdomsbillett til 380 kr.

Med ungdomsbillett kan du reise så mykje du vil med buss, bybane, tog, ferje og båt heile Vestland.

[→ Les meir om ungdomsbilletten](#)

---

#### **Student - til og med 29 år**

**NYHEIT! No får studentar 40 prosent rabatt på enkeltbillett og 24-timarsbillett, i tillegg til periodebillettane.**

Spørsmål til fylkesordføraren :

1. Pandemien er tilbakelagt og det inneber sjølvstøtt auke i passasjertal. Er det likevel ting som tyder på at det er vorte for prisgunstig for store grupper av unge passasjerar opp til 30 år å reise med bybane i Bergen, og at dette er medverkande til at Bybanen no er overfylt?
2. Endringar i oppnådd gjennomsnittstakst pr passering vert nøye overvaka i bomringane. Har Skyss og Vestland fylke ei tilsvarande oversikt over korleis oppnådd gjennomsnittleg billettpris pr bybanereise har endra seg etter at takstsystemet vart revidert frå og med 1. februar 2023?
3. Bli angiveleg misnøye med drift av kollektivtrafikk i Bergen teke opp av Bergen kommune og deira politikarar gjennom formelle politiske fora der fylket er til stades, eller er det berre gjennom aviser og media ein kan lese om dette?»

### Svar frå fylkesordføraren

Frå 1. februar 2023 vart det i tråd med budsjettvedtaket innført 40 prosent rabatt på enkeltbillett og 24 timars billett for studentar, i tillegg til rabatten på periodebillett. I tillegg vart familierabatten utvida til å gjelde alla dagar. Det vart ellers ikkje gjort endringar i takstsystemet pr 1. februar i år, men innført frys i takstane ut juni 2023.

1. Ser vi på reisetilstand for januar dei seinaste 5 åra, er bybanen sin linje 1 tilbake på om lag same nivå som før pandemien. Det er fleire forhold som påverkar kapasiteten for bybanen. Utfordringar den seinaste tida med innstilte avgangar på bybane grunna førarmangel er ein kjent faktor, og som har gitt høg trengsel på enkelte avganger. Endringar i linjenett og tilbod i kollektivnettet vil og påverke reisemønster og såleis kapasitetssituasjonen om bord på bybanen.  
Vi har ikkje høve til å skilje ut og fordele type kjøpte billetter, eller billettinntekter, for reiser som vert tatt med buss og/eller bane. Dette må i så tilfelle gjerast gjennom eigne kundeundersøkingar.
2. Snittprisen for buss og bybane er basert på forholdet mellom påstigingstal og samla billettinntekter. Ei reise kan innebere eit eller fleire bytter, og er ein faktor som må takast høgd for i berekningane av snittprisen. Kor mange bytter som i snitt vert gjort pr reise vert igjen påverka av endringar i tilbodet og i reisemønsteret generelt. Siste års omleggingar i linjenett i bergensområdet og ny bybanelinje 2 gjer såleis at snitt i tal bytter også har endra seg. Gitt føresetnadene om snitt tal bytter ser vi at snittprisen for buss og bane er tilnærma uendra for februar månad i 2023 samanlikna med februar 2022.
3. Det er løypande dialog mellom Bergen kommune og fylkeskommunen om kollektivdrifta. Samordningsrådet for betre kollektivtransport, etablert som del av samarbeidsavtalen om betre kollektivtransport mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune, er ein felles møtestad for informasjonsdeling og drøftingar om denne type problemstillingar.